

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 2-2019

Hausten 2019

Årgang 49



Konfirmantsider

Dagstur til Alværa i juni

Kyrkjevalet 2019 – presentasjon av kandidatar

INNHALD

Andakt av Gunn Berit Bøthun: Ulik taktikk	s.3
Kyrkjevalet 2019 - Presentasjon av kandidatar til soknerådsvalet	s.4
Kyrkjevalet 2019 – info om valtider og stemming	s.7
Kyrkjevalet 2019 - Presentasjon av kandidatar frå tre lister til bispedømerådsvalet + info.	s.9
Barnas side – frå Søndagsskolen Norge	s.13
Glimt frå Alværestemnet 2. juni	s.14
Vårdugnader på gravplassane	s.16
Konfirmant 2019 - bilete	s.17
Trusopplæringstiltak hausten 2019	s.18
Annonneside	s.18
Konfirmant 2020	s.19
I glede og sorg	s.19
Gudstenesteplan ut året	s.20

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd
Nr 2- 2019 - 49. årgang

Redaksjonsutval

Helge Eilifsen, Kjell Helland og
Jostein Risa (kyrkjeverje)

Abonnement

Normalt tre utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)
Fulldistribusjon i kommunen i tillegg til ikring 80
utanbygds abonnentar.
Bladpengar: kr.200 per år (friviljug) til konto:
3805.10.32583.

Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

Annonser

Små annonser kr. 450, store annonser kr. 800.
Heilside etter avtale.

Framsidedfoto:

*Utsikt frå stien til Raudmelen,
mellom Buråsi og Varhaug. Foto: Magni Åm Risa.*



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

KONTAKTINFORMASJON

Balestrand kyrkjekontor

Kjerneopningstid:

Tysdag-fredag kl. 10 - 14

Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND

Telefon: 57 69 15 48

E-post: kontor@balestrand.kyrkja.no

Heimeside: www.balestrand.kyrkja.no

Sokneprest Kjetil Netland

(50 % stilling)

Telefon kontor: 57 69 16 80

Mobiltelefon: 911 03 134

Ring for avtale

E-post: sokneprest@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa

(80 % stilling)

Telefon kontor: 57 69 15 48

Mobiltelefon: 920 60 832

E-post: kyrkjeverje@balestrand.kyrkja.no

Organist Ole Agnar Helland

(30 % stilling)

Mobiltelefon: 984 16 333

E-post: organist@balestrand.kyrkja.no

Diakonimedarbeidar (VAKANT)

(10 % stilling)

E-post: diakon@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa

(25 % stilling)

Mobiltelefon: 466 97 476

E-post: klped@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjetenar Fisseha Weldeyohannes

Andemichael

(25 % stilling)

Mobiltelefon: 450 27 235

E-post: kyrkjetenar@balestrand.kyrkja.no

Leiar i Balestrand sokneråd Helge Ulvestad

Mobiltelefon: 971 06 001

E-post: helge.ulvestad@online.no

Heimeside: balestrand.kyrkja.no

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon, konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av dåp og vigsel, gravplassvedtekter. Vidare kan du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.


Gud og eg har ulik taktikk!

Har du nokon gong lyst å rope litt til folk som du møter; ta deg saman! Det har eg. Det er lett å hefte seg med alt som ikkje fungerer som vi ynskjer og irritere seg over folk som oppfører seg annleis enn det vi syns dei burde. Det er nok eksempel å finne, både i nærmiljøet og i verda sånn generelt.

Av og til seier eg dei same orda til meg sjølv; ta deg saman! Eg veit korleis eg burde vere, og veit også at idealet ikkje alltid stemmer med levd liv. Mange av oss burde levd liva våre annleis, men det er vanskeleg å gjere endringar, å ta seg saman. Dei fleste av oss responderer dårleg på kritikk og tankar om forbetring, og resultatet blir kanskje stress og motløyse.

Eg tenker av og til at Gud kunne hatt god grunn å rope litt til oss; ta deg saman! Han har gjeve oss dei ti boda som retningslinjer for eit godt liv, mat, heim, evner og anlegg, eit fantastisk skaparverk til fri bruk, vennskap, kjærleik, sitt ord - og likevel roter vi det så ofte til for oss sjølve og andre.

Det eg igjen har oppdaga på nytt i Bibelen denne hausten er at Gud faktisk ikkje roper ta deg saman, men han kviskrar «kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!» Matt 11,28. Ikkje berre ein gong, men gjennom heile historien gjentek han denne invitasjonen, til ulike tider og ulike menneske. Gud inviterer oss ikkje til seg fordi vi er som vi er, men fordi



Utsnitt av altartavla i St. Olavs kyrkje i Balestrand måla i 1897 av kunstmålaren Emma Pastor Normann (1871-1954).

Foto: JR

Han er den Han er. Taktikken Hans er annleis - og betre - enn min. Der eg ofte satsar på å ta meg saman, satsar Gud på å ta seg av oss, gje oss kvile.

Kva seier vi til dette? Av og til kan det vere godt å bruke ord som andre har sagt før, noko som er ferdig formulert. Bibelen inneheld mange slike bønner, og i Salme 16 finn vi ei som David først formulerte, men som også vi kan få bruke: «Verna meg, Gud, for eg søker tilflukt hos deg.»

Gunn Berit Bøthun

Presentasjon av kandidatane til soknerådsvalet 2019

13 kandidatar stiller til val når nytt sokneråd skal veljast i Balestrand sokn. Soknerådet skal representere heile kyrkjelyden og er tent med å ha brei samansetning og kompetanse. Gjer deg kjent med kandidatane og gje kyrkja eit godt råd!

Den komande perioden har soknerådet i Balestrand ikkje lenger fellesrådsansvar, men kan konsentrere seg om ansvaret soknerådet har etter §9 i Kyrkjelova, ansvar for «det kristelige liv i soknet». Dei som vert valde får ulike roller og oppgåver, t.d. soknerådsleiar, nestleiar, sekretær, kasserar, representant i fellesrådet, diakoniutval, trusopplæringsutval, informasjonsansvarleg osv. Nominasjonskomiteen, vald av Balestrand sokneråd,

jobba i vår med å finne kandidatar, og i lag med forslagstillarar som har vore med og prioritert lista, er det totalt 10 personar som står bak framlegget.

- Som medlem i soknerådet kan ein vere med å prege og påverke kyrkja sitt arbeid i lokalsamfunnet. Det er gledeleg å sjå at vi har fått på plass ei liste med kandidatar som ønskjer å stille opp for dei fire neste åra. Utan dette frivillige engasjementet hadde kyrkja sitt arbeid vore umogleg, seier Helge Eilifsen, leiar for nominasjonskomité i Balestrand.

Det har vore arbeidd med å få til ei god samansetning av kandidatar med ulike bakgrunn, kompetanse, kjønn og spreiding i alder. Nytt frå 1.1.2020 er at delar av Balestrand sokn går over til Høyanger sokn og at grensa går ved Tusvik-tunnellen.

Dei tre første kandidatane på lista har site i soknerådet i perioden 2015-2019 og tek attval.

1 HELGE OTTAR ULVESTAD

Stilling: Pensjonist frå 2016 **Alder:** 65

Adresse: Brattland



Yrke / utdanning

Sjukepleiarutdanning med tilleggsutdanning i administrasjon, Styrrar, Balestrand helsetun, Helse- og sosialsjef, Jølster kommune, Dagleg leiar legevakta SYSIKL

Verv i kyrkjeleg samanheng

Leiar i Balestrand sokneråd 2015-2019, leiar i bygning

ingsutvalet og nestleiar i kyrkjeleg fellesnemnd ved samanslåing. Medlem i Tjugum sokneråd, leiar i Balestrand kyrkjelege fellesråd, leiar i Utval for bygning og økonomi..

Satsingsområde

- Open og inviterande kyrkje
- Trusopplæring for både born og vaksne
- Samarbeid med kristne organisasjonar.
- Sosialt og åndeleg fellesskap
- Kyrkjeleg driftsansvar med vekt på ein god overgang frå noverande sjølvstendige ordning i Balestrand til samordning med nye Sogndal kyrkjelege fellesråd.

2 KARI KVIKNE

Stilling: Bookingsjef ved Kviknes hotel frå 1993

Alder: 52

Adresse: Kviknevegen



Yrke / utdanning

Bookingsjef på Kviknes Hotel, Norsk Hotell-høgskole

Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem i Balestrand sokneråd 2015-2019. Nestleiar og medlem i AU det siste året.

Verv i andre organisasjonar eller off. verv

Styremedlem, De Historiske hotell & spisesteder, Styremedlem, Kunstbygda Balestrand

Satsingsområde

Det er viktig for meg at folkekyrkja framstår som inkluderande og open for alle.

Kyrkjevalet 2019

3 JENNY KRISTIN MENES

Stilling: Fastlege Leikanger **Alder:** 39

Adresse: Menes



Yrke / utdanning

Medisinstudiet, Universitetet i Bergen.
Hurdal verk folkehøgskole.

Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem i Balestrand sokneråd 2015-2019.

Leiar i Kvardagsskulen på Fjordtun (Søndagsskolen i Norge).

Medarbeidar i Navigatørene i Bergen i 2009.

Verv i andre organisasjonar eller off. verv

Styremedlem i Vetlefjorden Idrettslag.

Satsingsområde

- Bibelundervisning – at Bibelen blir ei tilgjengeleg bok for alle generasjonar.
- Familiearbeid – bl.a. i gudstenester og kyrkjelydsturar
- Løfte fram gleda ved fast gjevarteneste til kyrkje og misjon.

4 OLE EILIFSEN

Stilling: IT-leiar, Sygna frå 2016 **Alder:** 27

Adresse: Sjøtunsvegen



Yrke / utdanning

Bachelor som dataingeniør,
Bildøy Bibelskole

Kyrkjelege verv

Frivillig klokkar i Tjugum kyrkje sidan 2018.

Satsingsområde

- Eit fortsatt godt samarbeid med bedehuset, Sygna og frivillige lag.

5 ANNE KARIN SOLHEIM SJØTHUN

Stilling: Helsesekretær **Alder:** 54



Adresse: Fjærestad

Yrke / utdanning

Hjelpepleiar. Helsesekretær.

Kyrkjelege verv

Medlem i Undervisnings-/Trusopplæringsutvalet i Tjugum/Balestrand sokn frå 2000-2009.

Kyrkjevalet 2019

6 JAN HERLAND

Stilling: Pensjonist frå 2013 **Alder:** 73

Adresse: Balalii



Yrke / utdanning

Cand. mag, Kyrkjelydssekretær i Balestrand. Pianolærer i musikkskulen.

Lærer på Sygna vgs.
Organist i Balestrand

Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem i diakonitvalet. Med i frivillig besøks- og andaktsterneste på Helsetunet.

Verv i andre organisasjonar eller off. verv

Styremedlem og varamedlem i Bedehuset Betel.

Satsingsområde

- Besøksterneste
- Trusopplæring

7 LAILA VANG

Stilling: Lærer på Sygna vgs frå 2007 **Alder:** 45

Adresse: Sygnavegen



Yrke / utdanning

Almenlærer med musikk, Årseiningar i kristendom, norsk og matematikk.

Verv i kyrkjeleg samanheng

Konfirmantlærer i Balestrand i lag med presten i 2009/10 og 2010/11.

Organistvikar i Balestrand våren 2017.

Konfirmantlærer i Balestrand 2017/18.

Satsingsområde

- Song og musikk
- Konfirmantar

8 MARIT PERNY HARAM VANNES

Stilling: Revisor i SF Revisjon IKS frå 2005 **Alder:** 65

Adresse: Brattland 8



Yrke / utdanning

Registrert revisoreksamen, DH i Molde, Arbeids- og organisasjonspsykologi, UiB, Innføring i rettleiing HiS, Høgare revisorstudium NHH, Bergen. Autorisert rekneskapsfører med egne kundar, Oppdragsansvarleg revisor med egne kundar.

Verv i kyrkjeleg samanheng

Klokkarvikar i Sandviken kirke sommaren 1994

Verv i andre organisasjonar eller off. verv

Leiar og styremedlem i Balestrand jeger- og fiskarlag,

Satsingsområde

- Innflyttarane – gje rom for dei slik at dei er med i kyrkjelyden både igudstenester, opplæring og i verv
- RIK Bibelbruk i kyrkjelyden jf boka til Hans Johan Sagrusten
- Tidlegare konfirmentar som ikkje kjenner seg heime i kyrkja (invitere til fellesskap og læring)
- Sikre tilgang til gudstenester for alle ved å tilby skyss for unge, eldre og uføre.
- Invitere til nattverd ved intinksjon som er lettare for mange enn kneling ved altarringen.

9 KRISTI TJOFLAAT MICONI

Stilling: Lærer ved Sagatun skule og Sygna vgs frå 2004

Alder: 52

Adresse: Sygnavegen



Yrke / utdanning

Adjunkt

Verv i andre organisasjonar eller off. verv

Styremedlem i Balestrand kunstlag.

10 MARIT EIDSNES

Stilling: Kjøkenleiar Balestrand komm. frå 1999

Alder: 62

Adresse: Brattland



Yrke / utdanning

Husmorvikarskule. Husmorvikar Osterøy. Husmor på leirstad. Kokk institusjonshushald. Kokk Sygna.

Verv i andre organisasjonar eller off. verv

Leiar i barnelaget Spiren frå 1998. Leiar og styremedlem i Bedehuset Betel

Satsingsområde

- Inkluderande fellesskap i kyrkjelyden
- Barne- og ungdomsarbeid

11 PER TUSVIK

Stilling: Pensjonist frå 2013 **Alder:** 73

Adresse: Granliavegen



Yrke / utdanning

Jobba mange år i institusjon/bustader for menneske med utviklingshemning. Jobba ein del som kyrkjetenar på timebasis i Sæle kyrkje i tidsrommet 1999-2005.

Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem i Balestrand sokneråd 2009-2015. Medlem i diako-

niutvalet frå 2002 og har vore med i besøksteneste i samband med det.

12 BERIT STØLE

Stilling: Lærer på Sygna vgs frå 2010 **Alder:** 39

Adresse: Sygnavegen

Yrke / utdanning

Almenlærer, matematikk- og friluftslivutdanning.



13 RUNE ANDERSEN

Stilling: - **Alder:** 64

Adresse: Flesjane

Di stemme tel i Kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i Kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til den lokale kyrkje-lyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie framover.

Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekyrkje? Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Ho tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd (som også sit i Kyrkjemøtet). Ved bispedømerådsvalet i Bjørgvin er det i år tre ulike lister og kandidatane er presenterte midt i bladet.

Kven har stemmerett?

Alle medlemmer av Den norske kyrkja som bur i soknet, og som seinast i 2019 fyller 15 år har stemmerett. Dersom du meiner å vere medlem, men ikkje har fått valkort i posten, kan du sjekke om du står som medlem ved å gå inn på nettsida kyrkja.no/medlem.

Førehandststemming

Førehandststemming kan skje i perioden 10.august til 6.september. Fristen for å førehandststemme i anna sokn enn der ein bur går ut 1.september.

Ved utgjeving av bladet står det i Balestrand att fem høve til å førehandststemme (kronologisk):

- Sæle kyrkje søndag 1.9 kl.12.30-13.00
- etter gudstenesta kl.11.00
- Balestrand kyrkjekontor tysdag 3.9 kl.10.00-14.00
- Balestrand helsetun onsdag 4.9 kl.12.00-13.00
- Bedehuset Betel onsdag 4.9 kl.16.00-18.00
- i forkant av bibelseminar same stad kl.18.00.
- Balestrand kyrkjekontor torsdag 5.9 kl.10.00-14.00



Tid og stad for valet

Kyrkjevalet 2019 (valtinget) vert halde over to dagar søndag 8. september etter gudstenesta i Tjugum kyrkje og måndag 9. september, same tid og stad som kommunestyre- og fylkestingsvalet. Valet vert halde i to krinsar: Sagatun krins og Fjordtun krins. (Nessane krins høyrer denne gongen til Høyanger).

Her røystar du på valdagane (valting):

BEGGE KRINSAR

søndag 8 september kl 12.30 – 13.30
Tjugum kyrkje, Tjugum 1, 6899 Balestrand.

SAGATUN KRINS

måndag 9. september kl 13:00 - 20:00
Balestrand bygdahus, Lærargata 15, 6899 B.

FJORDANE KRINS

09.09.2019 kl 13:00 - 19:00
Fjordtun oppvekstsenter, Torsnes 17, 6899 B.

Balestrand sokneråd er valstyre og ansvarleg for kyrkjevalet 2019.

Visste du at...

- Ved kyrkjevalet i 2015 stemde 520 323 kyrkje-medlemmer, ei rekorddeltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å stemme ved Kyrkjevalet 8.-9. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemmer blir stemde inn i Kyrkjevalet 2019.

Kandidatliste Balestrand sokneråd ved soknerådsvalet i 2019

Nr	Namn	Fødselsår
1	Helge Ottar Ulvestad	1954
2	Kari Kvikne	1967
3	Jenny Kristin Menes	1980
4	Ole Eilifsen	1992
5	Anne Karin Solheim Sjøthun	1965
6	Jan Herland	1946
7	Laila Vang	1974
8	Marit Perny Haram Vannes	1954
9	Kristi Tjøflaat Miconi	1967
10	Marit Eidsnes	1957
11	Per Tusvik	1946
12	Berit Støle	1980
13	Rune Andersen	1955

Kven av desse vert valde?

Dei åtte som får flest stemmer vert faste medlemer i soknerådet, medan dei fem neste vert varamedlemer. Fyrste varamedlem møter fast på møta. Soknepresten er fast medlem.

Endringar på stemmesetelen

Ein uendra stemmesetel gjev ei røyst til kvar kandidat.

Ved stemming kan lista endrast på to måtar:

- 1) Ein kan gje inntil tre tilleggsstemmer ved å setje kryss ved kandidaten.
- 2) Ein kan føre opp inntil tre nye namn (utan tilleggsstemme)

Ein kan ikkje stryke kandidatar.

Ein kan stemme blankt (eigen stemmesetel)



Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.

Oppteljing og kandidatføring

Dersom du gjev tilleggsstemmer (set kryss) kan dette få direkte innverknad rekkefylgja til kandidatane og kven som vert valt inn som faste medlemer. Rekkefylgja på kandidatlista slår først inn for kandidatar som har fått like mange stemmer. Nytt ved valet i 2019 er at minst 5 prosent av dei som leverer stemmesetel må ha sett kryss ved ein kandidat før tilleggsstemmene byrjar telje for denne kandidaten.



Alle foto: Kyrkjerådet

Konstituering og oppstart

Det nye soknerådet tiltretr 1.november 2019 og skal konstituere seg på slutten av oktober.

Sogndal kyrkjelege fellesråd

Ved konstituering skal soknerådet også velje ein representant til nye Sogndal kyrkjelege fellesråd. Det nye fellesrådet har ansvar etter § 14 i kyrkelova: Ansvar for tilsette, økonomi, samarbeidstiltak mellom sokneråda, kontakt med kommunen og ikkje minst forvaltning av åtte kyrkjebygg og ti gravplassar. Fellesrådet er sett saman av ein representant frå kvart av dei seks sokneråda (Balestrand, Fjærland, Leikanger, Norum, Stedje og Kaupanger), ein kommunal representant og ein geistleg representant.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemme kven som skal sitje i Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting» i perioden 2019 – 2023.



På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som stiller til val. Meir utdjupande informasjon finn du på kyrkja.no/bjorgvin eller kyrkjevalet.no. Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

I Bjørgvin bispedøme er det tre lister ved bispedømerådsvalet: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekyrkje. Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge.

Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare dei bibelske verdiane som Den norske kyrkja vart tufta på som følgje av den Lutherske reformasjonen.

Kyrkja må leiast av Guds Ord og Ande, og alle vedtak samsvare med Bibelen. Vi ønskjer optimalt sjølvstyre lokalt, der råd og medlemmer får bibel-forankra trusopplæring og kurs i kyrkjelydsutvikling, i å leve som Jesu etterfølgjarar og spreie evangeliet.

Kyrkja skal oppmuntre alle i kyrkje-lyden til å tene Herren etter den einskilde sine gåver og føresetnader. Vi ønskjer ei fornya kyrkje av lemer som har Jesus som Herre, og som søker Gud og Hans vilje gjennom bøn og tilbeding.

Sjå kandidatane på
www.bonnelista.no



1

Stein Oltedal
f. 1952, pensjonert
prest, Naustdal.



2

**Solaug Anita
Apelthun Sæle**
f. 1951, økonomisjef,
Fjell.



3

**John Eivind
Warvik**
f. 1994, pioner/tømrar,
Ortnevik.



4

**Anne Kristine
Torvik Christiansen**
f. 1954, vernepleiar,
Fjell.



5

Øyvind Skartveit
f. 1992, student,
Tysnes.



6

**Magdalena
Steinhovden**
f. 1947, pensjonert
sjukepleiar, Naustdal.



7

Stig Bruun
f. 1968, økonom,
Rådal.



8

**Jan Frank Leirkar
Christiansen**
f. 1952, pensjonert
vernepleiar, Fjell.



9

**Anna Helena
Bruun**
f. 1974, rekneskaps-
førar, Rådal.



10

Andreas Skjelde
f. 1993, student,
Slettebakken.

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

Nominasjons- komiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømmet og forslag frå medlemmene i nominasjonskomiteen. Det er vidare lagt vekt på at ein skal representere ei breidde i kva kandidatane meiner i aktuelle kyrkjelege spørsmål.

Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil vi arbeide til det beste for den lokale kyrkja.

Den enkelte kandidat presenterer seg sjølv på nominasjonslisten.no



1

**Vemund Atle
Øiestad**
f. 1948, pensjonist,
Nordsida, Nordfjord.



2

Turid Fjose
f. 1969, overlege,
Voss.



3

Per Hilleren
f. 1959, bonde,
Stedje.




4

**Mali Smemo
Hjemdal**
f. 1973, rådgjevar,
Etne.



Gerhard August Hansen

f. 1951, pensjonist, Os.



Daniel Kydland

f. 1997, student, Knavik.



Madli Kvamme Hannisdal

f. 1950, pensjonist, Osterøy.



Leif Steinar Alfsvåg

f. 1959, fagseksjonsleiar, Stord.



Harald Berge Breistein

f. 1956, dagleg leiar, Åsane.



Arve Kjell Uthaug

f. 1967, administrasjonssjef, Frekhaug.



Kristian Slettebø

f. 1989, revisor, Bergen.



Liv Oddlaug Skaaheim

f. 1948, pensjonist, Førde.



Ingrid Grimstad

f. 2000, student, Stord.

Open folkekyrkje

Vi som står på lista til Open folkekyrkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk kyrkje som frimodig forkynner det glade evangeliet om Jesus.

Vidare vil vi arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som motarbeider diskriminering.

Sjå elles www.apenfolkekirke.org for fullstendig valgprogram.



Karl Johan Kirkebø

f. 1950, pensjonist, Bergen.



Nora Sætre Baartvedt

f. 1994, teologi-student, Voss.



Runar Larsen

f. 1997, student, Sveio.



Line Berggreen Jacobsen

f. 1986, rådgjevar, Bergen.



Oddny Irene Miljeteig

f. 1954, komitéleiar, Bergen.



Eiel Holten

f. 1968, seniorrådgjevar, Bergen.



Åse Kongsvik

f. 1962, rettleiar, Leikanger.



Erik Torp Nilssen

f. 1947, pensjonist, Førde.



Torill Jørgensen Frøise

f. 1972, gruppe-sekretær, Askøy.



Håkon Glatved-Prahl

f. 1956, journalist, Alversund.



Marit Melvær Berge

f. 1952, pensjonist, Florø.



Christian Emil Haugen

f. 1990, student, Bergen.



Therese Nesse Møkelbost

f. 1973, administrasjons-konsulent, Bergen.



Ann Elisabeth Tveit

f. 1972, lærar, Bergen.

Godt å vite om valet

Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døyppt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Bjørgvin bispedøme tre lister å velje mellom.

Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spanner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørgje for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømet på www.kyrkjevalet.no

Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einerom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.

Finn namn på 11 fotballspelarar!

I rutenettet under har vi gøymd namna på 11 kjende fotballspelarar. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle namna?

R	A	V	I	O	B	U	K	R	I	F
E	M	A	R	L	A	S	R	Å	P	A
M	R	O	N	A	L	D	O	V	I	C
I	E	N	E	P	E	P	O	G	B	A
A	H	S	Y	L	T	E	S	N	Ø	V
L	A	A	M	E	S	S	I	O	R	A
T	Z	L	A	T	A	N	T	S	U	N
A	R	A	R	N	Y	I	B	Y	C	I
V	D	H	M	A	R	C	E	L	O	X
O	T	I	V	O	Z	A	L	P	E	T

Fargelegg!

Gud skapte dei første menneska og lot dei bo i ein vakker hage.



Teikningar: Francesca De Luca

Finn fem feil!

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på Sondagsskolen.no
eller **22 08 77 00**.



– Mamma!
Veslesyster er så
søt, ho hermar etter
fuglane!
– Jaså, kvittrar ho?
– Nei, ho et meite-
mark.

Vitsar

Den vesle jenta
kom inn i ein dyrebutikk og sa:
– Eg vil kjøpe ein kanin.
– Vil du ha denne søte med dei store
augo, eller han med den nydelege kvite
pelsen? spurde ekspeditøren.
– Det er ikkje så nøyte, svara jenta, eg
trur pytonslangen min likar
begge deler.

Alværastemnet 2019



For balestrendingane var det kjær atkjenning i å sjå Audun Systad framme ved altaret.

Alværastemnet 2. juni samla om lag seksti deltakarar, og sidan kyrkjelydane i Hyllestad og Balestrand hadde lagt gudstenesta til Alværa denne dagen, var desse stadane særleg godt representert. I tunet vart me tekne imot av

Kari og Audun Systad, og gudstenesta vart leia av Audun medan Kjetil Netland talte.

Evangelieteksten var frå Joh. 16, 12-15: Enno har eg mykje å seia dykk, men de kan ikkje bera det no. Men når han kjem, Sanningsanden, skal han leia dykk fram til heile sanninga. For han skal ikkje tala av sitt eige, men tala det han høyrer, og fortelja dykk det som skal koma. Han skal herleggjera meg, for han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk. Alt det som Far min har, er mitt. Difor sa eg at han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk.

Kjetil vende først blikkert mot Mali, dette vest-afrikanske landet som strekkjer seg innover i Sahara, der Frode Sætre er misjonær for Det norske misjonsselskap som kyrkjelyden har misjonsavtale med. I Mali merkar dei klimaendringane - regntida kjem ikkje like fast og med same styrke som tidlegare, vidare har landet òg stor folkeauke - det blir tala om ein auke frå 8 til 20 millionar på 30 år, og for det tredje er det er indre uro i landet - militante muslimiske grupper kontrollerer store område på landsbygda.

Stadig er det nokre som blir kristne, men med manglande kristen tradisjon står utfordringane i kø. Det er er vanskeleg å halda fast på trua - presset utanfrå om ikkje å skilja seg ut er sterkt.



Kjetil Netland aktualiserte dagens tekst slik at det vart til ettertanke.



Toril Lange hadde ei grundig orientering om Alværa og om utfordringane ved drifta av misjonssenteret.

Hos oss er det annleis. Me lever i eit samfunn med lang kristen tradisjon, velutvikla demokrati og høg levestandard. Når ein samanliknar livs- og trusvilkåra i Mali med vår situasjon er dei svært ulike og det kjennest ikkje rettferdig.

Eitt av kjenneteikna på mennesket er refleksjon over grunnleggjande spørsmål: Kvar kjem me frå og kva er meininga med livet? For fulanaren i Mali er dette ei stor utfordring. Dei er nomadar og lever i eit samfunn der over 90 % er muslimar. I Koranen finn dei svar på dei viktige spørsmåla i livet. Og der er svara annleis enn i Bibelen. Koranen peikar på gjerningar som grunnpilarar

for livet. I Bibelen er grunnlaget Kristi offer for oss. I dei muslimske landa openberrar Den heilage ande seg gjerne på andre måtar enn kva me er vande med. Ikkje sjeldan les og høyrer me om at dei møter Kristus i draume. Og budskapet er Jesus sjølv: «Eg er vegen sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.» Joh 14, 6.

Etter gudstenesta var det middag. Matsalen på Alværa er lys og triveleg, og det er hyggeleg å bli kjend med nye og å samtala med dei ein kjenner frå før.

På ettermiddagssamlinga orienterte Toril Lange om Alværa misjonssenter. For tida er det ingen fast tilsette, men det er oppretta eit interimstyre og håpet er at dette initiativet skal munna ut i ei drift som gir tilfredsstillande inntening. Og då høvde fint at offeret på gudstenesta og basaren på ettermiddagssamlinga begge var øyremerka Alværa.

Alværastemnet 2019 hadde fokus på forkynning, fellesskap og økonomi. Og ein treng alle søylene. La oss vona at Alværa framleis kan gi ei god ramme rundt leirar, helgesamlingar og andre arrangement.

Tekst: Helge Eilifsen, Foto: Jostein Risa



Songgruppa Moreld frå Hyllestad deltok på ettermiddagssamlinga med eit repertoar som gledde lyttarane.



Ei god matøkt er trivselsskapande.

Vårdugnader på gravplassane

Årets dugnader var 25. april på Tjugum kyrkjegard og 7. mai på Sæle kyrkjegard. Nytt på Tjugum var at dugnaden var lagt like etter ein konfirmanttime og at konfirmantforeldre og -føresette var særskilt inviterte. Vi starta ettermiddagen med servering av betasuppe sponsa av Kviknes hotel. Denne ordninga freista til gjentakning! Fokus i år var klipping av rododendronbusker, raking, kosting

og spyling. Kurt Ove Lidal stilte med lastebil for bortkøring av greiner. På Sæle vart det mellom anna køyrt ut jord for å jamne ut og fylle ut holer på gravplassen. Her stilte Reidar Sæle med traktor. Det var godt oppmøte ved båe dugnadene og soknerådet takkar alle frammøtte for god innsats!



Konfirmantar i Balestrand 12. mai 2019




Bak frå venstre.: Ole Thue, Jan Egil Lunde, Lars Petzsche, Kristoffer Grinde, Asgeir Hjønnevåg Feten, Daniel Flatland Ese, Marius Myklebust, Odd-Kristian Feten.

Framme frå venstre: Sokneprest Kjetil Netland, Emma Kristine Harkjerr, Miriam Johanne Castrillon Bjørnevoll, Jenny Bøthun, Emilie Meel Lunde, Grethe Løvteit. (Foto: J. Risa)



Trusopplæringstiltak hausten 2019



STØRST AV ALT

TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

4-åringane: Samling i kyrkjestova laurdag 19. oktober kl.14.00 og gudsteneste med utdeling av 4-årsbok 20.oktober i Tjugum kyrkje kl.11.00

1. kl: 6-årssamling i Kyrkjestova laurdag 7. september kl.14.00 og gudsteneste med bokutdeling 8. september i Tjugum kyrkje

3.-7.kl: Trusopplæringsdag med Addis på Sygna onsdag 18. september kl.17.30

5.-8.kl: Nestenåring på Bedehuset kl 18-20 fredag 30.08, 27.09, 25.10 og 22.11.

8.kl-vgs: Trusopplæringsdag med KRIK i Belehalli kl 16.30 fredag 6. september.

Ung Messe i engelskkyrkja torsdag 17. oktober kl.20.00

I tillegg vert det Babysong på Helsestasjonen.

Dersom du vil vere med som leiar eller praktisk medhjelpar på noko av dette, tek kyrkjelydspeagog Magni Åm Risa (m.466 97 476) i mot all hjelp med takk.



Utdeling av diplom til MINI-konfirmantane 19. april 2019

Annonser



57 69 42 40

www.midtnes.no



Yter all hjelp ved dødsfall og gravferd.
Døgnvakt telefon: 57 69 57 55

**Balestrand
Taxi**

Tlf. 959 56 113

TAXI Frankén

mob. 959 86 000

Turbussar

Vi tilbyr også 10- og 17-setars bussar med plass til rullestol samt store turbussar med 49 seter.

Ytre Sogn graverdsbyrå A/S



Hjelp til alle tenester ved dødsfall

GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING

Døgnvakt telefon:
577 14 700 / 959 86 000

VIK ELEKTRO

Rune Målsnes
6893 VIK I SOGN
TV - Kvittevarer
Solskjerming - Glasservice
Mobil: 906 16 260
E-post: rune@vik-elektro.no
www.vik-elektro.no

BilXtra
verksted

Balholm Auto AS
Holmamyrane
6899 BALESTRAND

Godkjend bilverkstad
Tlf. 57 69 11 13

Sogn
gravferdshjelp

Telefon heile døgnet: 57 68 14 77

Kjell Grønli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.


joker
Balestrand

Tlf. 57 69 15 22

Det er vi som køyrer ut kyrkjelydsbladet. Ta kontakt om du treng distribusjon.


**VIER HER.
ALLTID.**

**KIRKENS
SOS**
22 40 00 40



Sognekraft
- set krefter i sving

www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no



HARALD TJUGUM
Dragsvik 17
6899 Balestrand
M: 911 28 133

I GLEDE OG SORG

Døpte

Arne Menes

21.04.2019 i Tjugum kyrkje

Miriam Johanne Castrillon Bjørnevoll (konf)

21.04.2019 i Tjugum kyrkje

Emil Tjugum

28.04.2019 i Tjugum kyrkje

Ingebjørg Sellereite Målsnes

29.07.2019 i Kvamsøy kyrkje

Arin Aurora Rendedal

25.08.2019 i Tjugum kyrkje



Vigde

Hanne Aardal Wiktorin og Thor Petter Korsmo
(Haukeland, Arna)

25.05.2019 i St.Olavs kyrkje

Emilie Victoria Andersen og Robin Christoffer
Jonsson (Lysaker)

01.06.2019 i St.Olavs kyrkje

Døde

14.04.2019 Johanna Målsnes (Leikanger) f.
29.03.1927

Gravferd frå Tjugum kyrkje 26.04.2019

30.06.2019 Ole Kristian Høydal (Vetvre) f.
14.10.1966

Gravferd frå Tjugum kyrkje 30.08.2019

23.07.2019 Hjørdis Mundal (Oslo) f. 02.05.1931
Gravferd frå Tjugum kyrkje 23.08.2019

27.07.2019 Norvald Jorddal f. 29.09.1938
Gravferd frå Fjærland kyrkje 06.08.2019

28.07.2019 Steinar Bale f. 09.03.1943
Gravferd frå Tjugum kyrkje 02.08.2019

Nytt konfirmantår er i gang



Konfirmantkullet skuleåret 2019/2020 vart presenterte for kyrkjelyden 25. august og tretten unge er påmelde. Sokneprest Kjetil Netland delte ut konfirmant-heftet «Følg meg» og eit nytestamentet frå Norsk Gideon. Den 7. september er det Kick-Off på Sygna vgs i lag med konfirmantar frå Høyanger og Vik. Dei fleste konfirmantsamlingane i haust vert utandørs ved Ja-steinen. Foto: J.Risa

Utgjevar/Avsender:
Balestrand sokneråd
Sjötunsvegen 6
6899 BALESTRAND

Velkommen til gudsteneste

8.sep, 13. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Utdeling av 6-årsbok. Takkoffer til Sygna vgs. Kyrkjekaffi. Kyrkjeval etter gudstenesta.
22.sep, 15. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
29.sep, 16. s i treiiningstida	SÆLE KYKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap. Kyrkjekaffi.
6.okt, 17. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
17.okt, Torsdag	ST. OLAFS KYRKJE kl.20.00 Ung Messe ved Kjetil Netland. Nattverd. Kyrkjekaffi.
20.okt, 19. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Prosesjon med haustgrøde. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi.
27.okt, Bots- og bøneding	SÆLE KYKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Menneskeverd. Kyrkjekaffi.
3.nov, Helgemessesundag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Vi minnst dei døde det siste året. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
17.nov, 23. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Stefanusalliansen. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
24.nov, Kristi kongedag	SÆLE KYKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi.
1.des, 1. s i advent	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
15.des, 3. s i advent	TJUGUM KYRKJE kl.18.00 JULEKONSERT med lokale aktørar. Kollekt til lokalt kyrkjelydsarbeid.
22.des, 4. s i advent	FJORDTUN OPPV. SENTER kl.11.00 Adventsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Søndagsskolen Norge. Kyrkjekaffi.
24.des, Julaftan	SÆLE KYKJE kl.14.00 Gudsteneste ved Netland. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
24.des, Julaftan	TJUGUM KYRKJE kl.16.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
25.des, Juledag	TJUGUM KYRKJE kl.12.00 Høgtidsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap. Barnesamling.
31.des, Nyårsaftan	ST. OLAFS KYRKJE kl.23.00 Midnattsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Vener av St. Olafs kyrkje.

Atterhald om endringar. Oppdatert gudstenesteplan finn du alltid på nettsida balestrand.kyrkja.no